



# Fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar 2014

Finnøy Havstuer på Finnøya, 11. – 12. juni 2014

## Program<sup>1</sup>

### Onsdag 11. juni 2014

1130 - 1230	<b>Føremiddagsmat og registrering.</b>	
1230 - 1240	<b>Øpning</b>	<b>Ketil Matvik Foldal</b> Fylkesberedskapssjef
1240 - 1300	<b>Velkomen til Sandøy</b>	<b>Hans Endre Sæterøy</b> Ordførar
1300 - 1345	<b>Gamalt, nytt og nyttig om samfunnstryggleik og beredskap</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Orienteringar, refleksjonar og diskusjonar om øvingar, hendingar, varslingsrutinar, regelverk, planverk, tannverk, ROS-analysar, rettleiingsmateriell, satellittelefonar, skjønnskost, tryggleiksklarering</li> </ul>	<b>Ketil Matvik Foldal</b> Fylkesberedskapssjef
1345-1445	<b>Tilsyn med kommunal beredskapsplikt 2013 - 2015</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fylkesmannen sine erfaringar – så langt, så vel!</li> <li>- Kommunane sine erfaringar – alle har overlevd!</li> <li>- Læring av andre sine feil og eigen visdom</li> <li>- Gode eksempel på ROS-analysar, beredskapsplanar og kvalitetssystem. Diskusjon og meiningsbryting.</li> <li>- Vidare tilsyn 2014 - 2015</li> </ul>	<b>Ketil Matvik Foldal</b> Fylkesberedskapssjef  og fleire ...
1445 - 1500	<b>Pause</b>	
1500 - 1545	<b>Befolkningsvarsling</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sandøy kommune sine erfaringar med bruk av befolkningsvarsling og varsling internt i eigen organisasjon.</li> <li>- Demonstrasjon av kommunen si UMS-løysing</li> </ul>	<b>Kim-Andrè Breivik</b> Teknisk sjef i Sandøy kommune
1545-1630	<b>Ei økt om CIM</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Erfaringar, nye funksjonar og luretriaks</li> <li>- Status Mønster kommune</li> </ul>	<b>Atle Morsund</b> Rådgjevar
1700 - 1900	<b>Båttur med Nordic Lady til Ona, omvising</b>	<b>Atle Morsund</b> Rådgjevar
2030 -	<b>Felles middag og sosialt samvere</b>	

### Torsdag 12. juni 2014

0900 - 0945	<b>Plangrunnlag for kommunal atomberedskap</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sjeldne, men alvorlege hendingar med krav om kommunale beredskapsplanar</li> </ul>	<b>Ketil Matvik Foldal</b> Fylkesberedskapssjef
0945 - 1030	<b>Samarbeid mellom politiet og kommunane</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Politiet og redningstenesta sin operative organisasjon</li> <li>- Kontaktpunkt og informasjonsflyt under hendingar</li> <li>- Ansvars- og arbeidsdeling ved evakuering</li> </ul>	<b>Ingmar Farstad</b> Stabssjef i Sunnmøre politidistrikt
1030 - 1050	<b>Pause – utsjekk frå hotellet</b>	
1050 - 1130	<b>Øving gjer meister, og det kan det vere greitt å vere</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilbakeblikk og erfaringsdeling etter skredet i Todalen og storøvinga ved Surnadal vidaregåande skule</li> </ul>	<b>Tor Arne Moen og Råg Ranæs</b> Brannsjef og beredskapskoordinator i Surnadal kommune
1130 - 1200	<b>Førebels ledig tid</b>	
1200 -	<b>Føremiddagsmat, takk for no, vel heim og god sumar</b>	<b>Ketil Matvik Foldal</b> Fylkesberedskapssjef

Sjå neste side for praktisk informasjon om reise og opphald.

<sup>1</sup> Rekn med mindre justeringar og suppleringar av programmet. Heilt medvite har vi lagt inn litt slakk både første og andre dagen. Blant anna for at det skal vere mogleg for deltakarane å melde inn tema ein ønskjer lufta. Så – nøl ikkje! Er det for eksempel spesielle hendingar og konkrete erfaringar frå det siste året som burde inn på programmet?



### **Hotellet**

Fagsamlinga er lagt til Finnøy havstuer på Finnøya i Sandøy kommune. For meir informasjon om hotellet sjå: <http://www.classicnorway.no/hotell/finnoy-havstuer> Vi minner også om at «Håp i havet» ligg om lag 150 meter frå hotellet. «Håp i Havet» er eit moderne mini-badeland, som m.a. inneheld treningsrom. For meir informasjon, sjå hotellet sin nettstad.

### **Økonomi**

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) og Statens strålevern har gitt fylkesmannen økonomisk støtte til å gjennomføre denne samlinga. For å kunne arrangere over to dagar, må vi likevel ta ein eigendel på inntil kr. 1.500. Denne vil dekkje overnatting, alle måltid og båtturen til Ona. Eigendelen blir fakturert i ettertid og *kan bli lågare* – avhengig av kor mange som deltek.

### **Reiseinformasjon**

Sjølv om Finnøya ligg omtrent midt i fylket, krev det litt planlegging for å kome fram til rett tid. Med bil er det ferjeavgangane frå Brattvågen kl. 1040 eller frå Småge kl. 0935 som gjeld. Det er også mogleg å ta snøggbåt frå Hareid og Ålesund. Nedanfor er det sett opp nokre alternativ og tips.

#### **Med bil og ferje frå nord – via Aukra:**

Ferje frå Hollingsholmen kl. 0900 til Aukra. Frå ferjekaia på Aukrasanden er det 10 km til Småge. Ferje frå Småge kl.: 0935, til Finnøya kl.: 1020. Hotellet ligg i praksis på ferjekaia.  
*Retur: Ferje frå Finnøya kl.: 1240.*

#### **Med bil og ferje frå sør:**

Ferje frå Brattvågen kl.: 1040, til Myklebust kl.: 1120. Frå Myklebust er det 11 km til Finnøya.  
*Retur: Ferje frå Myklebust kl.: 1315.*

#### **Med snøggbåt frå sør**

Snøggbåt frå Hareid\* kl.: 0925, til Ålesund kl.: 0950.

Snøggbåt frå Ålesund kl.: 1030, til Myklebust kl.: 1145. (Nordøyruta)

\*Sei frå til billettøren at du skal vidare med Nordøyruta, det er mogleg du kan betale heilt fram.

Det er ikkje korresponderande buss vidare til Finnøya. Men dersom denne reisemåten er aktuell: Ta kontakt med fylkesmannen, så klarer vi sikkert å organisere skyss.

*Retur: Snøggbåt frå Myklebust kl.: 1150, til Ålesund kl.: 1310. (Nordøyruta)*

*Snøggbåt frå Ålesund kl.: 1355, til Hareid kl.: 1425.*

Merk at dette returalternativet inneber at den siste halvtimen av programmet og føremiddagsmaten må sløyfast. Men neste snøggbåt går ikkje før kl. 1730